



## Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9/TG5 – Ca- og Mg-salt og CO<sub>2</sub> til handsaming av drikkevatn

Av Karl-Jan Erstad  
Rådgivande Agronomar AS

### Introduksjon

6. april var det nytt møte i oppdragsgruppe 5 (Ca- og Mg-salt, inkl. CO<sub>2</sub>) under Arbeidsgruppe 9 (Vassverkskjemikalie). Det var det 22. møtet, og halde hos Den tyske kalkforeininga. Eit ekstra ad hoc-møte vedrørande revisjon av EN 936 CO<sub>2</sub> hadde tillegg funne stad hos OMYA i Köln 11. mars, også med underteikna som norsk deltakar.

Det var no frammøtt 5 ekspertar frå 3 land: Tyskland, Belgia og Noreg. Underteikna møtte for norske interesser.

Den største oppgåva for TG5 var detaljert gjennomgang av ny standard for Dolime – kalsinert dolomitt og evt. halvhydratisert i etterkant. Produktet skal vert i hovudsak nytta til mineralisering av avsalta sjøvatn til drikkevassføremål.

### Revisjon av EN 936 – CO<sub>2</sub> (karbondioksid)

Revisjonen krev at følgegassane i CO<sub>2</sub> må identifiserast og analyserast. Alt dette

følger av at desse gassane vert flytta over frå informativt Anneks A til normativ hovudtekst i standard (EN 936).

Etter ad hoc-møtet i mars har Mr. Uwe Fischer (D) vore i ny kontakt med Industriegasverband i Tyskland, og fått direkte respons med Mr. Krinninger (D), som er heilt sentral i denne type fagspørsmål.

Det har vore litt tungt å få andre fagmiljø og firma med i dette spesifikke metode-arbeidet i komitéen. Dersom vi ikkje får andre innspel, er det no Det tyske gass forbundet som vil skrive ein reint tysk standard, og som då vert gjeldande utan vidare som europeisk grunnlag, og gå inn i EU-lovverket (Drikkevassdirektivet). Vi skal legge fram første utkast til standard i Delft 26. mai på det litt høgre nivået WG9.

## Magnesiumoksid og rådolomitt under formell røysting

Fra WG9-sekretariatet AFNOR i Frankrike har det kome nokre merknader som straks vert tatt til følge som mandatoriske pålegg (krav til utforming):

*"Chemical properties"* skal inn som term for sporstoff der det før stod *"Toxic substances"*.

MgO (prEN 16004) og rådolomitt (prEN 16003) er ikkje registreringspliktige etter REACH og er ikkje omfatta av CLP – klassifisering, merking og pakkning av farleg gods. Likevel var det gitt pålegg om oppdatering på visse punkt i kap. 6.2.

Etter intern røysting pr. korrespondanse har no AFNOR sendt standardutkasta til FV (Formell røysting) for 2 månader.

### Skisse til heilt ny standard – brentdolomitt

Det første utkastet til ny standard for heilbrent dolomitt og delhydratisert dolomitt var lagt fram før møtet, og vart så drøfta inngåande i arbeidsfellesskapet.

Standarden vil i realiteten omfatte 2 produkt:

- Dolime ( $\text{CaO} * \text{MgO}$ ) – *Dolomitic Quicklime*
- semihydratisert/halvhydratisert Dolime ( $\text{Ca(OH)}_2 * \text{MgO}$ ) – *Dolomitic Lime*

Heilhydratisert dolomitt ( $\text{Ca(OH)}_2 * \text{Mg(OH)}_2$ ) er ikkje REACH-registrert; det er ikkje i den europeiske marknaden, og vert då ikkje vurdert som aktuelt i

Europa. Derimot er det i produksjon i land som USA og Japan, men det tilhører i så fall det globale standardiseringsområdet (ISO).

Det er telt opp i 8-10 produsentar i Europa, dei fleste i Tyskland. I Noreg og det nordiske området har vi i første rekke SMA-Magnesium (Svenska Mineral AB), i Noreg etablert i Mo Industripark i Rana, og i Herøya Industripark ved Porsgrunn, der SMA har tatt over anlegg etter tidlegare Hydro Magnesium.

Standardutkastet føreskriv ein reinelek for  $\text{Ca} + \text{Mg}$  på 90% rekna som  $\text{CaO} + \text{MgO}$ , for begge produkttypane. Når det gjeld ureinleikar (utover innhald av Al, Fe og Mn oppgitt som oksid), er innhald av bunde  $\text{CO}_2$  avgrensa til maksimum 5%, og det medfører at det kan vere inntil 11,3%  $\text{CaCO}_3$ . Grunnen til at dette er å føretrekke er at sterkare brenning av  $\text{CaCO}_3$ -delen til over 1050 °C ville ha ført til at MgO-delen i så fall vert tyngre tilgjengeleg – sintring/daudbrenning ved sterkt å overskride  $\text{MgCO}_3$  sin kalsineringstemperatur på 650 °C.

Det vert berre éi kvalitetsklasse for produkta: Klasse 1, Grad 1, Type 1.

Tryggleiksforskrifter i kap. 6.2 skal følge den nye CLP-forordninga. Piktogram skal inn i denne risikodelen av standarden.

Bruksdose til mineralisering av desalinert vatn er gitt til 30-100 mg/l.

Merkedirektivet 67/548/EEC vert bytta ut mot det nye i Bibliografisk referanse.

Dei komande par vekene går standardutkastet til intern kritikk i TG5 etter handsaming i komitémøtet, og deretter

vil utkastet få ei form som WG9 kan vedta skal ut på Teknisk høyring (CEN *Enquiry*).

### Fem-årsrevisjonar

Ei større oppgåve enn tidlegare vurdert er 5-årsrevisjon for EN 1018 : 2006 – Kalsiumkarbonat. Denne krev ei rekke endringar. PCC (felt kalsiumkarbonat frå kalsiumhydroksid) er nemnd i Informativ del A (Anneks A), og det *kan* no kreve ein eigen standard for PCC, som altså skil seg frå naturkalk. Nummer for

CAS og referanse for EINECS for PCC stemmer heller ikkje for PCC.

Like fullt er det også muleg at det vert avgjort å innarbeide PCC for kalsiumkarbonatstandarden for naturkalk. Dette er i så fall ei større omarbeiding av den eksisterande standarden åleine.

### Dato og stad for neste TG5-møte

Neste møte i CEN/TC164/WG9/TG5 vart fastsett til tysdag 11. oktober 2011 i Köln.